



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13798 - 21/53546

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
12.08.2021

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 304/27 Leirvik

**Tiltak:** Dispensasjon frå LNF, byggjegrænse og tomteutnytting  
**Byggjestad:** Gbnr: 304/27  
**Tiltakshavar:** Tony Andre Fløysand  
**Ansvarleg søkjar:** Tony Andre Fløysand

### Tiltak



Saka gjeld søknad om dispensasjon for legalisering av fylling, garasjeplassing, oppføring av støttemur med terrasse med rekkverk i nabogrense og hagestove på gbnr 304/27 Leirvik på Beitingen. Samt søkjast det om dispensasjon for plassering av delar av eksisterande garasje i landbruksarealet og i strid med regulert byggjegrænse. Tidlegare eigar har oppført fyllinga ulovleg, nåverande eigar søker om legalisering av fyllinga og oppføring av mur med terrasse for å sikre uteområde på eigedommen. Det er gjeve løyve til arealoverføringa av 290m<sup>2</sup> frå gbnr 304/5 til gbnr 304/27 i sak 20/17604 den 15.12.20. Arealet er utbygd med fylling og garasje.

Kommune legger til grunn at tiltaka som terrasse og hagestova kan vere unntatt søknadsplikt, jf. SAK §4-1. Dette skal tiltakshavar vurdere ved innsending av byggesøknaden.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.05.21 og supplert 03.07.21.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Beitingen bustadfelt med plana 125619981214 er definert delvis som bustadføremål og delvis til Landbruksføremål . Delar av tiltaket kjem i konflikt med regulert byggjegrænse. Delar av eksisterande garasje kjem i konflikt med landbruksføremål.



Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA. Det er søkt om dispensasjon frå regulert tomteutnytting i tillegg.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanføremål landbruk, frå byggjegrænse og frå tomteutnytting regulert i planen.

### Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 11.08.21, der følgjande vedtak vart fatta:

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen sin arealføremål landbruk, frå byggjegrænse og frå tomteutnyttingsgrad regulert i planen for legalisering av fylling, plassering av garasje, oppføring av gråsteinsmur, terrasse, hagestove på gbnr 304/27 Leirvik på følgjande vilkår:

1. Det skal sendast byggesøknad for endra garasjeplassering.
2. Vilkår satt i vedtak av 06.07.21 av samferdsel-, veg-, vatn og avløp avdeling i sak 21/5125 skal stettast. Det skal søkjast om omlegging av VA-leidningar etter plan- og bygningslova.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)

### Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.

